

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018

**Pål Kårbø, KrF**, sette fram slik protokollmerknad på vegner av KrF:

«KrF stemmer i denne saka imot innstillinga sitt punkt 5 av di vi meiner at innhaldet i punkt 5 ikkje høyrer heime i denne saka.»

### Røysting

Innstillinga punkt 1-4 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 5 fekk 7 røyster (SV, Sp, A) mot 8 røyster (KrF, MDG, V, FrP, H) og fall.

### Vedtak

1. Innkorting av reisetida på Bergensbanen er viktig i forhold til å auka person- og godstrafikk på bane, for å redusere transportulukker og for å redusere klimagassutslepp. Med ein reisetid på Bergensbanen til 4 timar vil banen kunne vere konkurransedyktig i forhold til flytrafikk på strekninga.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det vert sett i verk tilbodsforbetringar i NTP-perioden 2018-29 på strekninga Bergen-Voss, og at det vert lagt opp til ferdigstilling av strekninga Arna-Bergen og terminal på Nygårdstangen.
3. Fylkesutvalet ser det som sterkt beklageleg at oppstart av Ringeriksbanen vert utsett til 2022. Det må løyvast til oppstart i 2021.
4. Fylkesutvalet vil framheve kor viktig det er med ei snarleg og heilskapleg gjennomføring av strekningen Arna- Voss, og vil understreke betydninga av framdrift i planlegginga. Deldelstrekninga Arna-Stanghelle vil kunne bli ferdig prosjektert i handlingsplanperioden, og utbygginga må starte opp når planlegginga er gjennomført.

### Protokollmerknad frå KrF

KrF stemmer i denne saka imot innstillinga sitt punkt 5 av di vi meiner at innhaldet i punkt 5 ikkje høyrer heime i denne saka.